



Tore Atle Haukedal
Torvli 9
5122 MORVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2282 - 16/513

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2016

Omgjering av vedtak etter innsending av nye opplysningar i saka . Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 124/5 Kjeilegavlen.

Administrativt vedtak. Saknr: 018/16

Tiltakshavar: Tore Atle Haukeland
Ansvarleg søkjer:
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om nytt utsleppsløyve for eksisterande hytte på gbnr 124/5 i samband med at det skal leggjast offentleg vatn inn i bygget. Det skal installerast vassklosett. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til sjø på 15 meter djupne. Storleiken til utsleppet er opplyst til 2 pe.

Det vart i vedtak datert 16.10.2015 gitt utsleppsløyve på vilkår av at utsleppet berre omfatta gråvatn då slamtømming ikkje var mogleg å utføra innanfor ordinære vilkår i Forskrift for slamtømming i Lindås kommune. Erklæring frå føretaket Johny Birkeland Transport AS, der det står at slamtømming for eigedomen må skje med traktor/liten bil, låg til grunn for vedtaket.

Tiltakshavar har 01.12.2015 levert inn ny dokumentasjon frå føretaket Johny Birkeland Transport AS som viser at slamtømming likevel er mogleg innanfor ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta.

Det vert vist til søknad mottatt 21.05.2015 med tilleggskommunikasjon mottatt 01.12.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er



avsett til LNF-føremål. Tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø og er omfatta av byggjeforbodet i strandsona, jf pbl § 1-8. Tiltaket er i strid med både LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona og treng følgeleg dispensasjon for å kunne godkjennast. Det er søkt om dispensasjon, jf søknad mottatt 21.05.2015. Søknaden om dispensasjon vert handsama i eige vedtak.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i mottatt 21.05.2015.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Utsleppspunktet er opplyst til 15 m djupne.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege avtalar.

Drift og vedlikehald

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Eigedomene skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga.

Det er dokumentert ved melding frå føretaket Johny Birkeland Transport AS at slamtømming er mogleg innanfor ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta, jf dokumentasjon mottatt 01.12.2015.

Naturmangfaldlova

I Naturbasen er sjøområdet Hopssundet- Mjåsundet registrert som «kartlagt friluftlivsområde».

Administrasjonen er ikkje kjend med at det er andre særskilde interesser i området.

VURDERING

Det er ved ny dokumentasjon i saka stadfesta at slamtømming er mogleg innanfor ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta.

Sjøresipienten i området vert vurdert som god. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil gje negativ verknad på dei registrerte friluftinteressene i området.

Kommunen finn etter ei samla vurdering at utsleppsløyve kan gjevast slik det er søkt om.

Godkjenning etter andre lovverk

Det er søkt om dispensasjon og løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Søknadane vert handsama i eige vedtak. Tiltaket krev også løyve etter hamnelova. Søknad vert å senda Bergen og Omland Havnevesen.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp for fritidsbustad på gbnr 124/5 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar, av godkjend type, før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til sjø på 15 meter djupne.
- Slamtømming skal skje innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
- Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
- Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike
- vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
- Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova og hamnelova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2282

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås VVS AS

Postboks 42

5951

LINDÅS

Mottakarar:

Tore Atle Haukedal

Torvli 9

5122

MORVIK